



Impact Hub Bergen/Silje Grastveit  
Holmedalsgården 3  
5003 BERGEN

Dato: 13.05.2015  
Vår ref.: 2014/23340-51  
Saksbehandlar: evawint  
Dykkar ref.:

## Tilskot til lokale klima- og miljøtiltak 2015

### Avslag på søknad om økonomisk tilskot til «Cyclehack Bergen 2015»

Vi viser til søknaden dykker om tilskot til lokale miljø- og klimatiltak datert 26.03.2015. De søkte om kr. 100 000,-.

Vi må derre gje avslag på søknaden. Vurdert i høve til øyremering av midlar, andre prosjektsøknadar og tilgjengelege midlar er vi komne til at vi ikkje kan støtte prosjektet. Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for søknaden er Tale Halsør, som de kan kontakte på tlf. 55 37 80 11 eller e-post: tale.halsor@hfk.no

Klage / Innsyn i dokumenta:

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan påkalla vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Vi vonar at prosjektet kan realiserast utan vår medverknad og ønskjer dykk lukke til vidare!

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Gudrun Mathisen  
Klima- og naturressurssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
Anne-Grethe Stenhjem